

Styremøte i Voss idrottsråd onsdag 04.03.2015 Voss Gymnas.

Referat

Tilstades: Erik, Bernt, Inge Arild, Ingvill, Borghild, Terje.

Saker:

Informasjon frå møter der idrottsrådet har vore representert:

- Alle momenta frå idrottsrådet sin høyringsuttale til kommunal kulturplan ser ut til å verta teke til fylgje. Planen skal godkjennast i MKU torsdag 05.03
- Planarbeidet for Bømoen går sin gang. Det vert jobba ut frå at Bømoløypa vert ivareteken som trimløype. Det har og vore samtalar med stiftinga Bømoløypa om dette. Generelt ser det ut til at idretten sine interesser i området vert ivaretekne i planarbeidet.
- Referansegruppa for prestegardslandet har hatt møter. Her er mange interesser og innspel. Det som er viktig er at området får ein mest mogeleg universell utforming som innbyr til lågterskel aktivitet. Vidare er det viktig at området vert sikra vdlikehald i framtida.

Idrottsrådet har fått eit spørsmål om å ta vare på eit gamalt tidtakarutstyr. Utstyret vart mellom anna brukt til NM i skiskyting tidleg på 80 talet. Utstyret er utgått på dato men det kan ha eller vil mogeleg kunna få historisk interesse. Voss og Hardanger folkemuseum bør ha interesse av å ta vare på slikt utstyr. Erik formidlar dette til aktuelle personar.

Årsmøte er fastsett til 24. mars.

Praktiske gjeremål:

- Valkomitè er sett i arbeid. Dei ber om forslag til kandidatar.
- Hordaland idrettskrets har stadfesta att dei stiller med representant.
- Eirik skriv Årsmelding
- Inge Arild tek ansvar for rekneskap.
- Årsmøtet er kunngjort med annonse i «Hordaland»
- Terje sender ut innkalling til laga etter mail liste.

- Frist for å melda inn saker vert sett til søndag 15. mars kl. 23:59 på mail til eri-blin@online.no
- Erik kontaktar Fleischer hotell for avtale om lokaler.
- Erik ordnar med annonse i «Hordaland» laurdag 21. mars med påminning.
- Det vert styremøte måndag 23. mars for gjennomgang årsmelding og andre aktuelle saker.

Ymse:

Idrottsrådet har no ein økonomi som inneber at det kan setjast i gang tiltak for å fremja idretten sine interesser utan at ein treng tenkja på å gå med overskot. Det kan vera aktuelt å leiga inn foredragshaldarar for å informera om aktuelle tema.

Det vart diskutert tidspunkt og fleire namn vart nemnt. Det er utfordrande å finna tema som fengjer nok til at folk tek seg bryet med å koma. Dei mest aktuelle tidspunkta er gjerne sein haust eller i starten på nyåret.

Styret vil halda dette temaet varm framover.

Referent: Terje Græe